

# Eksamen

30. mai 2017

LBR 3005

Økonomi og driftsledelse

**Programområde:** Landbruk

# Nynorsk

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verkøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen vedlegg.
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Når du løyser oppgåvene må du beskrive dei vala du tar og grunngje dei. Det er særst viktig å disponere eksamenstida godt, slik at du kan svare grundig på alle oppgåvene.</p> <p>Du viser kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva</li><li>• Trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine</li><li>• Meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter</li><li>• Bruke eksempel der dette er relevant</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og påliteleg måte</li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	<p>Oppgåvesettet inneheld oppgåvene 1, 2, 3 og 4, og du skal svare på alle.</p> <p>I oppgåve 4 skal du velje <b>anten</b> oppgåve 4A) <b>eller</b> oppgåve 4B).</p>

## Situasjonsbeskriving

Du har kjøpt eit gardsbruk som heiter Solberget.

Solberget har 400 dekar fulldyrka jord. Jorda kan brukast til all mogleg plante-produksjon, og vurderinga di er at dreneringstilstanden er god.

Våningshuset er i god stand. Det er eit bra reiskapshus på 400 kvadratmeter på garden.

Det er ein gamal fjøs på garden, men fjøsen er i særst dårleg stand, og du vurderer det som best å rive han. Drifta av jorda har vore bortleigd i 20 år, og det meste av traktorar og reiskap er selt før du kjøpte garden.

Du betalte 2.500.000 kroner for Solberget. Du brukte 1.000.000 kroner av egne pengar, resten er lånefinansiert i privat bank.

Du planlegg å drive garden sjølv, og å forsøke å leve av produksjonen der. Du ønsker å ha både plante- og husdyrproduksjon på garden.

Andre opplysningar du treng, og kor denne garden ligg i Noreg, må du i dei neste oppgåvene føresetje sjølv.

## Oppgåve 1

Vurder kva for ein produksjon du skal starte med på garden. Dette med bakgrunn i at du er opptatt av å vere i forkant av marknadsutvikling og politiske avgjersler for å ta de riktige vala med tanke på drift og økonomi.

Ut frå dette og andre forhold du meiner har betydning, skal du ta eit grunnleggjande val av driftsform på Solberget. Drøft økonomisk risiko ved dette valet.

## Oppgave 2

For produksjonen du valde i oppgave 1, skal du lage ei enkel økonomisk oversikt som skal resultere i eit planlagt driftsoverskot. Du må også bestemme driftsomfang for produksjonen.

Oversikta skal setjast opp for første heile år etter at du er kome i full drift på garden. Bruk dekningsbidragsmetoden.

*Grunngje svara, og vis utrekningane i oppgåvene nedanfor:*

- a. Kva er eit dekningsbidrag? Sett opp eit enkelt dekningsbidrag for produksjonen du valde på Solberget.
- b. Kva er produksjonstilskot? Kva for nokre typar produksjonstilskot får du for produksjonen på Solberget? Rekn ut eller anslå tilskot for denne produksjonen.
- c. Kva er faste kostnader? Kva slags faste kostnader (utan avskrivning) får du på Solberget? Anslå storleiken på kvar enkelt av dei faste kostnadene.
- d. Rekn ut planlagt driftsoverskot/-underskot ut frå svara i oppgave 2a til 2c.
- e. Kva er avskrivningar? Korleis blir avskrivningar rekna ut? Rekn ut eller anslå årlege avskrivningar for Solberget.

## Oppgave 3 – investeringskostnader og finansiering

- a. Du skal kjøpe innhaustingsutstyr til 700.000 kroner som skal brukast i gardsdrifta. Vis korleis du kan rekne ut årlege kostnader for denne investeringa. Lag og grunngje føresetnader du treng i denne utrekninga sjølv.
- b. Beskriv ulike alternative finansieringsmåtar for denne investeringa. Beskriv ulike typar lån, og drøft leasing som alternativ.
- c. Drøft ulike tiltak for å redusere faste kostnader når det gjeld mekanisk utstyr på dette gardsbruket.

## Oppgave 4

Her skal du *velje anten 4A – Arbeidsgivarrolla eller 4B – Samverke*. Ei av desse skal besvarast.

### Oppgave 4A – Arbeidsgivarrolla

- a. Nemn det du meiner er dei viktigaste regelverka som du må kjenne til når du skal tilsetje arbeidstakarar på garden. Beskriv kort hovudinnhaldet i dei ulike regelverka du nemner.
- b. Beskriv ulike tiltak du vil leggje vekt på som arbeidsleiar for arbeidstakarar på garden din.

### Oppgave 4B – Samverke

- a. Gje ei kort oversikt over samvirkeorganisasjonane du kjenner i norsk landbruk. Grupper dei etter oppgåva dei utfører. Vel éin samverkeorganisasjon frå kvar gruppe, og beskriv noko meir utfyllande dei oppgåvene han utfører.
- b. I området der du har garden er det mogleg å levere produkta til private mottaksorganisasjonar, eller til samverkeorganisasjonar. Drøft fordelar og ulemper for deg som bonde ved medlemskap og leveranse til samverkeorganisasjonane samanlikna med leveranse til verksemdar organisert på andre måtar.

# Bokmål

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen vedlegg.
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Når du løser oppgavene må du beskrive og begrunne valgene du tar. Det er svært viktig å disponere eksamenstiden godt, slik at du kan svare grundig på alle oppgavene.</p> <p>Du viser elles kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunktene dine og forslagene dine til løsning på oppgaven</li><li>• Ta med ulike synspunkt og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven.</li><li>• Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine</li><li>• Beherske relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>• Bruke eksempler der dette er relevant</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en formålstjenlig og pålitelig måte</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	<p>Oppgavesettet inneholder oppgavene 1, 2, 3 og 4, som alle skal besvares.</p> <p>I oppgave 4 skal du velge <b>enten</b> oppgave 4A) <b>eller</b> oppgave 4B).</p>

## Situasjonsbeskrivelse

Du har kjøpt et gårdsbruk som heter Solberget.

Solberget har 400 dekar fulldyrket jord. Jorda kan brukes til all mulig plante-  
produksjon, og din vurdering er at dreneringstilstanden er god.

Våningshuset er i god stand. Det er et bra redskapshus på 400 kvadratmeter på  
gården.

Det er et gammelt fjøs på gården, men fjøset er i svært dårlig forfatning, og du  
vurderer det som best å rive det. Driften av jorda har vært bortleid i 20 år, og det  
meste av traktorer og redskap er solgt før du kjøpte gården.

Du betalte 2.500.000 kroner for Solberget. Du brukte 1.000.000 kroner av egne  
penger, resten er lånefinansiert i privat bank.

Du planlegger å drive gården selv, og å forsøke å leve av produksjonen der. Du  
ønsker å ha både plante- og husdyrproduksjon på gården.

Øvrige opplysninger du trenger, og hvor denne gården ligger i Norge, må du i de  
neste oppgavene forutsette selv.

## Oppgave 1

Vurder hvilken produksjon du skal starte med på gården. Dette med bakgrunn i at du  
er opptatt av å være i forkant av markedsutvikling og politiske beslutninger for å ta de  
riktige valgene med tanke på drift og økonomi.

Ut fra dette og andre forhold du mener har betydning, skal du ta et begrunnet valg av  
driftsform på Solberget. Drøft økonomisk risiko ved dette valget.

## Oppgave 2

For produksjonen du valgte i oppgave 1, skal du lage en enkel økonomisk oversikt som skal resultere i et planlagt driftsoverskudd. Du må også bestemme driftsomfang for produksjonen.

Oversikten skal settes opp for første hele år etter at du er kommet i full drift på gården. Bruk dekningsbidragsmetoden.

*Begrunn svarene, og vis utregningene i oppgavene nedenfor:*

- a. Hva er et dekningsbidrag? Sett opp et enkelt dekningsbidrag for produksjonen du valgte på Solberget.
- b. Hva er produksjonstilskudd? Hvilke typer produksjonstilskudd får du for produksjonen på Solberget? Regn ut eller anslå tilskudd for denne produksjonen.
- c. Hva er faste kostnader? Hva slags faste kostnader (uten avskrivning) får du på Solberget? Anslå størrelsen på hver enkelt av de faste kostnadene.
- d. Regn ut planlagt driftsoverskudd/-underskudd ut fra svarene i oppgave 2a til 2c.
- e. Hva er avskrivninger? Hvordan beregnes avskrivninger? Regn ut eller anslå årlige avskrivninger for Solberget.

## Oppgave 3 Investeringskostnader og finansiering

- a. Du skal kjøpe innhøstingsutstyr til 700.000 kroner som skal brukes i gårdsdriften. Vis hvordan du kan regne ut årlige kostnader for denne investeringen. Lag og begrunn forutsetninger du trenger i denne utregningen selv.
- b. Beskriv ulike alternative finansieringsmåter for denne investeringen. Beskriv ulike typer lån, og drøft leasing som alternativ.
- c. Drøft ulike tiltak for å redusere faste kostnader når det gjelder mekanisk utstyr på dette gårdsbruket.



## Oppgave 4


Her skal du *velge enten 4A – Arbeidsgiverrollen eller 4B – Samvirke*. **En** av disse skal besvares.

### Oppgave 4A – Arbeidsgiverrollen

- a. Nevn det du mener er de viktigste regelverkene som du må kjenne til når du skal ansette arbeidstakere på gården. Beskriv kort hovedinnholdet i de ulike regelverkene du nevner.
- b. Beskriv ulike tiltak du vil legge vekt på som arbeidsleder for arbeidstakere på gården din.

### Oppgave 4B – Samvirke

- a. Gi en kort oversikt over samvirkeorganisasjonene du kjenner i norsk landbruk. Grupper dem etter oppgaven de utfører. Velg én samvirkeorganisasjon fra hver gruppe, og beskriv noe mer utfyllende de oppgavene den utfører.
- b. I området der du har gården er det mulig å levere produktene til private mottaksorganisasjoner, eller til samvirkeorganisasjoner. Drøft fordeler og ulemper for deg som bonde ved medlemskap og leveranse til samvirkeorganisasjonene sammenlignet med leveranse til bedrifter organisert på andre måter.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)